

# Valprogram Sveio Venstre 2023-2027

## Helse og omsorg i lokalsamfunnet

Eit trygt og nært helsetilbod av høg kvalitet er viktig for at alle skal ha fridom og høve til å delta i samfunnet. Innanfor både psykisk og fysisk helse ynskjer Sveio Venstre å fokusere meir på førebygging. Tidleg innsats og meir inkludering kan hjelpe med å forhindre utanforskning, og setje fleire i stand til å delta i samfunnet på like premissar.

### Helsetenester

- Venstre vil føre ein helsepolitikk som tryggjar alle tilgang til eit godt helsetilbod uavhengig av språkferdigheiter, alder, inntektsnivå eller pårørande sine ressursar.
- Venstre ynskjer å sikre rask og god psykisk helsehjelp, utvide lågterskeltilbodet og styrke ettervernet.
- Venstre vil jobbe tett opp mot statlege helsestyremakter for å sikre at kapasiteten i spesialhelsetenesta er god nok.

Sveio Venstre vil:

- At kommunen skal ha ein rettleiar som hjelpt til å navigere i helse- og stønadssystemet slik at alle kan få den hjelpana dei har krav på.
- Arbeide for at sjukepleiarar, jordmødrer og andre helsearbeidarar kan få ein arbeidskvardag med moglegheiter til å stå i heiltidsstilling, mellom anna gjennom å sjå på alternative turnusordningar, auka bemanning og avlasting for arbeidsoppgåver som kan løysast med hjelpt fra andre yrkesgrupper.
- Sikre at kommunen har eit godt lågterskeltilbod for ungdom med psykiske plagar.
- Jobbe for at alle som får utført tenester heime skal få faste kontaktpersonar å forhalde seg til.
- Sikre bu- og tenestetilbod for personar med funksjonsnedsetting i tråd med FN-konvensjonen (CRPD).

### Lokal ruspolitikk

Venstre vil ha ein human ruspolitikk der me behandlar brukarar på ein verdig måte. Ruspolitikken må vera kunnskapsbasert, setje menneske i sentrum, og gje folk høve til å leve eit trygt og godt liv. Me må møta misbruk med hjelpt og behandling.

Sveio Venstre vil:

- Styrke behandlingstilbodet for rusavhengige, slik at dei er sikra omgåande helsehjelp, eit butilbod og naudsynt behandling for dei som ynskjer det – utan ventetid.



- Satse på førebyggande tiltak retta mot unge, med anna gjennom samarbeid mellom helsetenester og skulane med informasjon om rusmiddelbruk.
- Sørgje for at det finst trygge møteplassar for menneskjer i aktiv rus.

### Ein friare alderdom

Venstre vil møte alle eldre med eit tilbod som gjer valfridom og tek i bruk teknologi slik at alle får høve til å leva eit så fritt, sjølvstendig og innhaldsrikt liv som mogleg. Me vil leggje til rette for at eldre menneske i Sveio kan få eit omsorgstilbod som er tilpassa behova og interessene deira.

Sveio Venstre vil:

- Ta i bruk velferdsteknologi, innovasjon og nye løysingar for å leggje til rette for at fleire kan bu heime lengre og meistra sin eigen kvardag, samstundes som ein tek omsyn til eldre utan digital kompetanse.
- Satsa på auka grad av heimerehabilitering slik at eldre raskast mogleg kan kome tilbake til vanleg form etter sjukdom eller skade.
- Arbeide for at sjukeheim og omsorgsbustader har eit rikt aktivitetstilbod som er tilpassa mangfaldet av menneske som bur saman dei siste åra av livet, samt sørge for at maten har høg kvalitet.
- At kommunen skal tilby avlasting for pårørande, og aktivisering for personar med demens.
- Vera positiv til private sjukeheimar som eit supplement til kommunale sjukeheimar.
- Utvida sjukeheimtilbodet slik at kommunen kan tilby fleire omsorgsplassar.

### Kultur og idrett

Gode lokalmiljø har òg eit mangfold av aktivitetar slik at alle finner noko dei kan trivst med. Venstre meiner at viss kulturen, idretten og frivilligheita får fridom til å utfolda seg så får me eit meir mangfaldig tilbod for innbyggjarane. Kommunen spelar samstundes ein viktig rolle i å tilretteleggje for både organiserte og eigenorganiserte aktivitetar. Det lokale kulturlivet må sikrast gode vilkår, og det bør leggjast til rette for eit mangfold i kulturtilbodet. Alle generasjonar bør ha moglegheit til eit godt og variert kulturtilbod, og det er viktig at tilbodet er tilgjengeleg for alle. Kulturskulen spelar ei viktig rolle i det lokale kulturlivet, og bør vera prisa og lokalisiert på ein slik måte at den er tilgjengeleg for alle.

Sveio Venstre vil:

- Auke ramane for ungdomskontakten.
- Støtte opp om etablering av alternative fritidstilbod.



- Vidareføra ordninga «Idrett for alle», og midlar til dei som trenger det. Sveio Venstre ynskjer i tillegg å arbeide for ei eiga ordning for «fritidskort» for barn og unge i kommunen, som dekkjer eit årleg beløp for fritidsaktivitetar.
- Vidareføra idrettsanlegga rundt om i kommunen, og vedlikehalda desse, slik at me framleis kan eit tilbod i bygdene.
- Ferdigstille ein ny svømmehall i løpet av perioden.
- Vidareutvikla biblioteket som ein kulturarena.
- Få på plass ein frisbeegolfbane.
- Ha ny idrettshall ved Vigdartun.

## Næring, verdiskaping og samfunn

Venstre sine viktigaste oppgåve er å skape samfunn som gjer grobotn for vekst, som tek vare på naturen, og som gjer det enklare å ta miljøriktige val. Sveio Venstre vil byggje vidare på dei etablerte næringane i kommunen samstundes som me vil leggje til rette for at nye næringar skal få etablera seg. Me meiner nye arbeidsplassar i kommunen vil gjera Sveio til ein meir attraktiv stad å busetja seg.

Sveio Venstre vil difor arbeide for:

- At det vert oppretta ein stilling som næringssjef i kommunen.
- At det vert oppretta eit næringsfond i kommunen som vert målretta mot etablering av ny verksemder.
- At kommunen bistår med byggmasse, og til kontorfellesskap, for gründerverksemder på allereie etablerte næringsområde.
- At kommunen har som målsetnad at det vert skapt minst ein verksemdetablering i året utanom varehandelen, med minst tre heiltidsarbeidsplassar.
- Etablering av fiskeoppdrett på land, for sjeldne fiskeslag som gjer god avkasting, og som kan verte eit kompetansesenter for avling og oppdrett av slike fiskeslag.
- Etablering av kompetansesenter for bølgjekraft i samarbeid med aktuelle verksemder og forskingsmiljøet ved Universitetet i Bergen. Revisjon av arealplanen for Sletta Vest med sikte på forsøksdrift av mindre og større bølgjekraftverk.
- At kommunen intensiverer arbeidet med å skape arbeidsplassar innanfor miljøvenleg gruvendrift. Det vert ynskja avklaring om kommersiell drift er lønsamt. Føremålet er utvinning av industrimineralalar (gneis/kvarts og fluoritt) og metall som er viktige for det grøne skiftet. Slike førekommstar er allereie kartlagd av Noregs Geologiske Undersøking (NGU) i Sveio.



- Etablering av djupvasskai.

## Landbruk

Sveio Venstre ynskjer at Sveio-landbruket skal vera mest mogleg berekraftig og spela på lag med naturen.

Me ynskjer:

- Fleire område for andelslandbruk, kolonihagar og parsellhagar.
- Å støtte alternative driftsformar og produksjon, samt stimulera til meir gardsturisme og direktesal av lokalproduserte mat- og drikkevarar.
- Å oppmøde gjennom kommunale og regionale støtteordningar til at ein har meir tradisjonelle artar som beiter mykje ute, opne for meir utmarksbeiting og på den måte bidra til å ivareta utmarks- og heilandskapa i Sveio, samt utnytte grovfôrressursane lokalt.

## Klima og miljø

Sveio er ein liten, men spreidd busett kommune med mange verdiar knytt til friluftsliv, landskap, naturmangfald, kulturmiljø og landbruk.

Sveio Venstre er på lag med naturen, og ynskjer å:

- Vedta ein eigen kommunedelplan for naturmangfald.
- Innføre arealrekneskap i kommuneplanen sin arealdel.
- Etablere ein tydeleg målsetnad om eit arealnøytral Sveio med null tap av natur, samt auka gjenbruk og fortetting av areal allereie utsett for menneskelege inngrep.

Sveio Venstre ynskjer å styrke klimasatsinga i kommunen med å:

- Etablera ei dedikert stilling for klima og miljø underlagt den nye avdelinga for samfunnsutvikling slik at kommunen har fokus på desse temaat i alt dei gjer.
- Innføre klimabudsjett og klimarekneskap i løpet av perioden som skal gjelda alle direkte utslepp i kommunen.

Sveio Venstre er for fornybar energi;

- Men er negative til utbygging av større vindkraftanlegg på land i kommunen.



Me vil:

- At det vert utført moglegheitsstudier knytt til potensialet for produksjon av bølgje- og tidevasskraft i kommunen.
- Etablira bakkemonterte solcellekraftverk i kommunen, fortrinnsvis på «grå areal», men ein ynskjer òg å sjå på moglegheiter for å skape fleirbruksareal.
- At minst 90 % av den offentlege bilparken i kommunen skal vera utsleppsfree innan utgangen av perioden, og at miljø og klima vert vekta med minimum 40 % i alle nye kommunale/offentlege anbod/byggjeprosjekt.
- At pris aldri skal vera einaste tildelingskriterium uavhengig av storleik på eit prosjekt, og at det vert stilt miljøkrav i alle offentlege anskaffingar.

## Barnehage og skule

Sveio Venstre vil:

- Oppretthalda full barnehagedekning i kommunen.
- Ha løpende barnehageopptak i Sveio for å sikre at alle får moglegheit til å byrje i barnehagen etter endt foreldrepermisjon.
- Innføre gratis barnehage og SFO for låginntektsfamiliar,
- Gje moglegheit for SFO i ferier på skulen barna er tilknytt.
- Innföra søskensmoderasjon i SFO.
- Behalda dagens skulestruktur.
- Ha ei leksefrei barneskule.
- Innföra heildagsskule.
- Satse meir på praktisk-estetiske fag.
- Styrke Førde skule som vaksenopplæringsskule.

## Samferdsle og transport

Venstre har som målsetnad at fleire reiser skal verte gjennomført som kollektivtrafikk. I samband med fortetting av bustadmasse og utvikling av eit utbant busettingsmønster vert dette sett på som naturleg og miljøvenleg politikk. Venstre arbeider for billigare og betre kollektivtransport.



Sveio Venstre vil difor arbeide for:

- Hyppigare bussavganger mellom Haugesund og Leirvik.
- Familierabatt på kollektivtransport for eineforsørgjarar.
- Forbetra billettsamarbeid mellom Skyss og private tilbydarar som trafikkerer hovudstrekninga gjennom kommunen.
- At planarbeidet for Fv. 47 Fagerheim-Ekrene vert sluttført.
- At ny Rophusveg vert realisert, om naudsnyt med lånefinansiering og ekspropriasjon av byggjegrunn.
- Ny E39 gjennom Sveio, men ynskjer at dei store naturmangfald- og landbruksverdiane i planområdet vert teke særskild omsyn til. Tunnelløysingar må verte prioritert i desse områda.
- Etablering av ladestasjon på Ekrene, om mogleg òg for tyngre køyretøy.
- Meir samanhengjande gang- og sykkelvegar i kommunen.